



Statens vegvesen

Frank Rune Nesse
Festevegen 273
5912 SEIM

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/innvalsnr:
Unn Jenny Utne Kvam - 55516243

Vår referanse:
2015/026808-002

Dykkar referanse:

Vår dato:
12.05.2015

Førehandstilsegn - mellombels avkøyrsløse for tømmerbil - gnr. 59 bnr. 2 - Lindås kommune

Vi viser til søknad motteken 23.02.2015 og synfaring 13.04.2015.

Saka gjeld søknad om mellombels avkøyrsløse. Det er ikkje siktilhøve på den aktuelle staden til å etablere ei permanent avkøyrsløse. For tilkomst med tømmerbil vil det med skissert løysing vere trong for å rygge på fylkesvegen. Bruk av ei mellombels avkøyrsløse her er derfor avhengig av arbeidsvarsling med mellombels nedsett fartsgrense og trafikkvakt på fylkesvegen. Krava nedanfor tek utgangspunkt i mellombels nedsett fartsgrense til 50 km/t.

Fartsgrense på staden

På synfaring stilte du spørsmål ved om det er aktuelt å permanent setje ned fartsgrensa frå 80 til 50 km/t på denne staden. Dei som arbeider med fartsgrenser hos oss har vurdert førespurnaden:

Ved etablering av jordbruksavkøyrsløse på veg med generell fartsgrense 80 km/t, er det vegtrafikklova §6 – «Fartsregler», første avsnitt og trafikkreglane §13 – «Særlige bestemmelser om kjørefarten» nr.1, som ligg til grunn for vurderinga.

50 km/t vert berre unntaksvis nytta på vegar med randbebyggelse, der det er særleg stor trafikk av mjuke trafikantane og dei er lite beskytta, eller på stader der det er særleg stor aktivitet ved veggen. Utgangspunktet for fartsgrensebruken skal alltid vere å oppnå god framkomelegheit med høg tryggleik, men samstundes at fartsgrensene som vert sette skal verte forstått og akseptert av trafikanten. Fartsgrensene skal vere logiske. Det er ikkje akseptabelt å skilte lengre strekningar enn naudsynt eller setje fartsgrensa lågare for å «sikre seg».

Med bakgrunn i føringane ovanfor vert det ikkje vurdert som aktuelt å permanent setje ned fartsgrensa ved staden der du har søkt om avkøyrsløse. Dersom du har ytterlegare spørsmål om dette, kan du kontakte Svein Holmedal, tlf 55 51 63 87.

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Askedalen 4
6863 Leikanger

Telefon: 02030
Telefaks: 57 65 59 86
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Spelhaugen 12
5147 FYLLINGSDALEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Landsdekkende regnskap
9815 Vadsø
Telefon:
Telefaks:

Vogntoglengde

Tillaten vogntoglengde for denne delen av fylkesveg 404 er 12.40 meter. Statens vegvesen har ikkje høve til å gje dispensasjon frå vogntoglengda for tømmertransport, då det er ein transport som kan delast opp i mindre laster.

Dersom det skal kunne opnast for tømmertransport med vogntoglengde over 12.40 meter, må veglista endrast. Dersom det er noko de ynskjer å få vurdert i denne saka, kan de ta kontakt med Arild Aasen på Byggherreseksjonen hos Statens vegvesen, tlf 90 70 71 25.

Vedlagt prinsippsskisse tek utgangspunkt i lastebil som dimensjonerande køyrety.

Vedtak

Med heimel i veglova §§ 40-43, har vi fatta følgjande vedtak:

Det kan påreknast mellombels bruksløyve til ny avkøyrsløve for tømmerbil under føresetnad om at krava nedanfor vert oppfylte.

Veg/stad: fv 404 hp 2 ved km 6,963 / gnr. 59 bnr. 2 i Lindås kommune.

Vi gjer merksam på at tilsegna berre gjeld i høve til veglova. Vi gjer særleg merksam på at tiltak kan vere søknadspliktige etter plan- og bygningslova (kommunen) og at det kan vere behov for å avklare privatrettslege tilhøve.

Vi set følgjande krav:

1. Avkøyrsla skal vere bygd av tiltakshavar og godkjent av Statens vegvesen innan 3 - tre år frå datoen på dette vedtaket, elles fell tilsegna bort.
2. Avkøyrsla må opparbeidast i samsvar med vedlagte prinsippsskisser og forskrift om alminnelege reglar om bygging og vedlikehald av avkøyrsløve frå offentleg veg, som ligg på lovdata.no.
3. Avkøyrsla skal også kunne vere felles med eventuelle andre, som på ein naturleg måte kan nytte same avkøyrsløve.
4. Frisikt 1,1 meter over bakken 4 meter inn i avkøyrsla skal vere minimum 45 meter til begge sider av køyrebanane. Sikta fram- og bakover på vegen ved avkøyrsløve må vere minimum 45 meter. Eventuelle planter o.l. i frisiktsona kan ikkje vere høgare enn 0,5 meter. For denne avkøyrsløve må sikta ordnast i begge retningar.
5. Svingradius skal vere 12 meter (diameter 24 meter). Svingradius skal markerast tydeleg med grøft eller annan avvisande kant mot sideterrenget). Det smalaste punktet i avkøyrsløve skal vere 6 meter.
6. Stigningskrava må haldast (sjå skisse). Vi vil her spesielt gjere merksam på at avkøyrsløve skal ha fall frå hovudvegen med 5 cm på dei første 2 metrane.
7. Under avkøyrsløve må det leggjast dreneringsrøyr, minimum 300 mm i diameter, med eventuelt nødvendige kummar.
8. Det er ikkje tillate å parkere i frisiktsonene.
9. Det kan i samband med denne søknaden påreknast mellombels avkøyrsløve i inntil 3 månader. Bruk av avkøyrsløve føreset arbeidsvarsling med mellombels fartsgrense 50 km/t.

10. Avkøyrsla skal stengast fysisk med låst bom når perioden med arbeidsvarsling er over. Eventuell ny bruk av avkøyrsla krev ny arbeidsvarsling godkjent av Statens vegvesen.

Arbeidsvarsling

Både opparbeiding og bruk av avkøyrsla krev arbeidsvarsling.

Før arbeid vert sett i gang på/ved offentlig veg, skal det utarbeidast ein arbeidsvarslingsplan. Denne planen skal godkjennast av Statens vegvesen. Han skal sendast til nordhordland.arbeidsvarsling@vegvesen.no. Vi ber om at det vert vist til vårt saksnummer 2015/026808 ved innsending av arbeidsvarslingsplanen.

Vidare saksgang

Ta kontakt med sakshandsamar dersom det er spørsmål i samband med opparbeiding av avkøyrsla.

Når avkøyrsla er opparbeidd etter krava vert bruksløyve gjeve av Statens vegvesen ved at tiltakshavar tar kontakt med sakshandsamar.

Vedtaket kan påklagast, jamfør vedlagt "Melding om rett til å klage over forvaltningsvedtak".

Plan og forvaltning - Bergen
Med helsing



Odd Høydalsvik
sjefingeniør


Unn Jenny Utne Kvam

Kopi: Lindås kommune (e-post)

Vedlegg: 3


PRINSIPPSKISSE




Tilsvarende siktlengder som vist på tegningen må også gjerast gjeldande for trafikken som kjem på hovedvegen og skal inn i avkjørsla (sikt bakover og framover langs hovedvegen)


Av hensyn til snø og vegetasjon skal det i frisiktsonen vera fritt for sikthinder høgare enn 0,5 m. over hovedvegens nivå

Krav til svingradius for avkjørsla :



Krav til lengdeprofil for avkjørsla/tilkomstveg:





59/7

F404

45 m bakoversikt

45 m sikt langs vegens til avkjørste

45 m sikt til avkjørste

45 m bakoversikt

R=12m

R=12m

6m



30.04.2015
 Målestokk 1:500
 Statens vegvesen

 = forslutsone

 = bakoversikt

 = avkjørste

Sender (stemplet til forvaltningsorganet)


Statens vegvesen
Region vest
Melding om rett til å klage over
forvaltningsvedtak

(Forvaltningslova § 27 tredje leddet)

Dato

12/5-15

③ Mottakar (namn og adresse)

 Frank Rene Nesse
 Festvegen 273
 5912 SEIM

④ Klageinstans

HORDALAND FYLKESKOMMUNE

Denne meldinga gjev viktige opplysningar dersom De vil klage på eit vedtak De er gjort kjend med.

Klagerett	De har rett til å klage på vedtaket.
Kven kan De klage til?	Klaga sender De til oss, dvs. det organet som er ført opp i rubrikk . Dersom vi ikkje endrar vedtaket vårt som følgje av klaga, sender vi klaga over til klageinstansen, jf. rubrikk ④.
Klagefrist	Klagefristen er tre - 3 - veker frå den dagen dette brevet kom fram. Det er nok at klaga er postlagt før fristen går ut. Dersom De klagar så seint at det kan vere uklart for oss om De har klaga i rett tid, bør De oppgje datoen for når De fekk dette brevet. Dersom De klagar for seint, kan vi sjå bort frå klaga. De kan søkje om å få lengre klagefrist, og da må De nemne grunnen til at De ønskjer det.
Rett til å krevje grunningjeving	Dersom De meiner at vi ikkje har grunningjeve vedtaket, kan De krevje ei slik grunningjeving før fristen går ut. Ny klagefrist blir då rekna frå den dagen De får grunningjevinga.
Innhaldet i klaga	De må presisere <ul style="list-style-type: none"> - kva for eit vedtak De klagar på - årsaka til at De klagar - den eller dei endringar De ønskjer - eventuelt andre opplysningar som kan ha noko å seie for vurderinga av klaga Klaga må underskrivast.
Utsetjing av gjennomføring av vedtaket	Jamvel om De har klagerett, kan vedtaket til vanleg setjas i verk med det same. Men de kan søkje om å få utsett gjennomføringa av vedtaket til klagefristen er ute eller til klaga er avgjort.
Rett til å sjå saksdokumenta og til å krevje rettleiing	Med visse unntak har De rett til å sjå dokumenta i saka. Reglane om dette finst i § 18 og § 19 i forvaltningslova. De må i tilfelle ta kontakt med oss, jf. rubrikk . De vil då få nærmare rettleiing om retten til å klage, om framgangsmåten og om reglane for saksgangen.
Kostnadene med klagesaka	De kan søkje om å få dekt utgifter til den advokathjelpa De treng, etter reglane om fritt rettsråd. Her gjeld det visse grenser for inntekt og eige. Fylkesmannen eller advokaten Dykkar kan gje nærmare opplysningar om dette. Dersom vedtaket er endra til Dykkar fordel, kan De etter forvaltningslova ha krav på å få dekt store kostnader som har vore naudsynte for å få endra vedtaket. Klageinstansen (jf. rubrikk ④) vil orientere Dykk om retten til å krevje slik dekning.
Klage til Sivilombodsmannen	Dersom De meiner at De har vore utsett for urett frå den offentlege forvaltninga, kan De klage til Stortingsombodet for forvaltninga (Sivilombodsmannen). Sivilombodsmannen kan ikkje sjølv endre vedtaket, men kan gje si vurdering av korleis den offentlege forvaltninga har handsama saka, og om dei har gjort feil eller forsømt noko. Dette gjeld likevel ikkje i saker som er avgjorde av Kongen i statsråd. Dersom De no får klaga Dykkar avgjort i statsråd fordi Kongen er klageinstans, kan De såleis ikkje seinare føre saka inn for Sivilombodsmannen.

Særlege opplysningar

